

ÅRSMELDING

2008



BRUNKEBERG KYRKJE

KVITSEID KYRKJELEGE FELLESRÅD

Å R S M E L D I N G 2 0 0 8

1. ALLMENT

Kommunen si hovudmålsetjing er at "den skal ved målretta satsing vere eit livskraftig bygdesamfunn". I dette har kyrkja ein viktig plass, som ei levande folkekyrkje som møter menneske i alle aldrar og på ulike stader i livet med forkynning, omsut, opplæring og felleskap. Vi treng kyrkja som ein møteplass der folk kan søkje tryggleik i fellesskap med andre. Om kyrkja skal lukkast i dette, er først og fremst ei utfordring for kyrkja sjølv; om ho maktar å møte utfordringane. Ei aktiv og engasjert kyrkje og eit godt samarbeid mellom kommune og kyrkje på ulike felt vil vere med på å skape eit livskraftig bygdesamfunn.

Ansvaret for fellesrådet sin økonomi ligg i hovudsak på kommunen etter § 15 i kyrkelova. Sokneråda sitt arbeid i sokna er dessutan bygd opp om friviljug innsats med innsamla midlar. Dette er viktig, og det er ein føresetnad for full utnytting av ressursane. Utan dei friviljuge og deira innsamlingar hadde kyrkja ikkje vore det ho er i dag.

2. MÅLSETJING


Fellesrådet har som målsetjing og oppgåve

- å ta vare på, forvalte og drive kyrkjene/kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover og på ein tenleg måte for kyrkjelydane.
- å stå til teneste for innbyggjarane i kommunen; praktisk, åndeleg og medmenneskeleg,

3. ANSVAR

Fellesrådet har etter KL §14 ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen. Dette gjeld i alt 6 kyrkjer og 7 kyrkjegardar: Kviteseid kyrkje/kyrkjegard, Kviteseid gamle kyrkje/kyrkjegard, Brunkeberg kyrkje/kyrkjegard, Vrådal kyrkje/kyrkjegard, Vrådal gamle kyrkjegard, Fjågesund kyrkje/kyrkjegard og Kilen kapell/kyrkjegard. Vidare har rådet ansvar for administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, det utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda og ivaretek interesser som dei ulike sokna har i forhold til kommunen. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av fellesrådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjevevja er sekretær for fellesrådet og administrativ leiar for kyrkja. Fellesrådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som tilfredsstillande. Sjukefråveret har vore lågt. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

4. ORGANISERING



Samansetjing av fellesrådet

Ut frå § 12 i kyrkjelova skal det til fellesrådet veljast to medlemmar frå kvart sokneråd i prestegjeldet. I tillegg kjem ein representant frå prestane og ein politisk representant vald av formannskapet.

Fellesrådets medlemmar 2006 - 2009:

Karin Maria Larsen, leiar	Fjågesund og Kilen sokneråd
Hadle Hovda, nestleiar	Kviteseid sokneråd
Inge Waldenstrøm	Kviteseid sokneråd
Inger Liv Gravir	Fjågesund og Kilen sokneråd
Aasne Straumsnes	Vrådal sokneråd
Solveig Nekstad Grave	Vrådal sokneråd
Jon Fisketjønn	Brunkeberg sokneråd
Marit Grave	Brunkeberg sokneråd
Asgjerd Stråndi	Formannskapsrepresentant
Kjell Arne Norum	Geistleg representant

Varamedlemmar:

Svein Asle Holberg
Elise Mosdøl
Kirsti Skjæveland
Marie Teigen
Anna Møller Hansen
Sissel A. Kjeldal
Hilde Berntsen
Signe Kvålseth
Gunn Karin Eikåsen
Prost Øyvind Jørgensen

Saker

Talet på handsama saker i fellesrådet: 20/2008 - 20/2007 - 28/2006 - 24/2005 - 24/2004 - 25/2003.

5. TILSETTE

Fellesrådet hadde ved inngangen av 2008 arbeidsgjevaransvaret for 4,3 årsverk fordelt på 8 tilsette:

Jan Einar Eng er tilsett i heil stilling som kyrkjevevjerje.

Dagfinn Køhn er tilsett i heil stilling som organist.

Werner Thorkildsen er tilsett i heil stilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar.

Jan Gunnar Haugen er tilsett i heil stilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar.

Ellen Katrine Køhn er tilsett som klokkar i Kviteseid kyrkje.

Andreas Nordbø Jørgensen var tilsett som klokkar i Vrådal kyrkje fram til 31. juli.

Knut Ove Loftstad er tilsett som klokkar i Brunkeberg kyrkje og frå 1. aug. også i Vrådal kyrkje.

Thor Odd Øigarden er tilsett som kyrkjetenar i Fjågesund kyrkje.

Tilsette av Bispedømerådet: Sokneprest Kjell Arne Norum. Sokneprest Geir Valle.

Vikarprest Jarle Bryne fram til 30. april.

6. AKTIVITETEN

Oppfylgjing av mål og vedtak.

- Kilen kapell er måla i høve 50 årsjubiléet.
- 40 nye stolar er kjøpt inn til Kilen kapell.
- Soknerådet i Brunkeberg har kjøpt inn 30 stolar og 4 bord til kyrkjesalen nede.
- Ny parkeringsplass i Brunkeberg er opparbeidd av kommunen.
- Ny sølvkalk er gjeve i gåve til Vrådal kyrkje av Vrådal Sanitetsforeining.
- Doble glas er monterte i Vrådal kyrkje
- Oppsetjing av Flatdal-orgelet i Kviteseid gamle kyrkje er starta men ikkje slutført.
- Måling av Vrådal kyrkje, ikkje slutført.
- Dåpshandklede til alle kyrkjene er gjeve av Gunvor Mandt.

Ut frå dei ressursane vi har til rådvelde, vert målsetjing og vedtak fylgde opp.

Tenester i kyrkjene:	Kviteseid	Brunkeberg	Vrådal	Fjågesund/Kilen	Tilsaman
Gudstenester/møte	47 (45)	27 (29)	27 (29)	16 (18)	117 (121)
Vigslar	5 (6)	1 (2)	3 (0)	0 (0)	9 (8)
Gravferder	16 (17)	16 (10)	5 (10)	1 (1)	38 (33)
Døypete	7 (9)	4 (6)	3 (5)	3 (0)	17 (20)
Konfirmantar	9 (12)	7 (7)	6 (5)	4 (1)	26 (23)
Konsertar	2 (2)	1 (1)	0 (0)	0 (1)	3 (4)
Kyrkjeofringar/gåver (1000)	222 (179)	43 (91)	40 (27)	25 (16)	330 (314)
Av dette til eiga verksemd	132 (89)	7 (59)	7 (14)	11 (5)	157 (167)
Gj.delt.forordna gudstenester					
(Tala i parentes er fjorårstal)					

Innmelde/utmelde:

Innmelde i Den norske kyrkja, Kviteseid prestegjeld i 2008: 17 pers.

Utmelde av Den norske kyrkja, Kviteseid prestegjeld i 2008: 1 pers.

Sokneråda sitt arbeid.

Det ligg føre kyrkjelege årsstatistikkar/årsmeldingar frå soknepresten, sokneråda, diakoniutvala og prostidiakonen.

7. ØKONOMI

Kyrkja får sine midlar frå kommunen, staten og frå egne innsamlingar.

Sokneråda i prestegjeldet har motteke offer/gåver i 2008 for kr. 331.529,- mot kr. 329.681,- i 2007.

Av desse går kr.152.789,- til eiga verksemd mot kr.120.948,- i 2007.

Rammeoverføringa frå kommunen til fellesrådet var på kr. 2.644.000,- mot kr. 2.498.790,- i 2007.

I tillegg til dette kjem kr. 70.000,- etter tenesteytingsavtala. Det vart ikkje gjeve løyvingar til investeringar i 2008. Løyvinga frå Staten var på kr. 44.000,- mot kr. 81.000,- i 2007.

Rekneskapen for 2008 er gjort opp med eit mindreforbruk på kr.47.377,- mot kr. 121.093,- i 2007.

1000 kr.	Utgifter	Inntekter	Driftsresultat
Kyrkjeadministrasjon	835	879	-44
Kyrkjer	1 202	1 219	-17
Kyrkjegardar	1 054	993	61
Andre kyrkjelege føremål	163	210	-47
Sum	3 254	3 301	-47

8. DELMÅL / PLANAR FOR 2009-2011.

- Tilbygg til bårhuset i Kviteseid.
- Måling av Vrårdal kyrkje, slutføring.
- Ljos til den nye parkeringsplassen ved Kviteseid kyrkje.
- Oppsetjing av Flatdal-orgelet i Kviteseid gamle kyrkje.
- Kalking av Kviteseid gamle kyrkje.
- Reparasjon av portalen til Kviteseid gamle kyrkje.
- Oppretting av mur ved portalen, Kviteseid gamle kyrkje.
- Bolting av gravsteinar på Kviteseid gamle kyrkjegard.
- Brannvarslingsanlegg i Kviteseid /Brunkeberg/Vrådal/Fjågesund kyrkje.
- Lynvernlegg i Kviteseid gamle, Brunkeberg og Fjågesund kyrkje.
- Parkeringsplass ved Fjågesund kyrkje.
- Reparasjon av blyglas i Kviteseid kyrkje.
- Kvit messehakel til Brunkeberg kyrkje.